

Sogningar og fjordingar m/fylgje på pinsetur til Sunnfjord

Reiseskildring av **Randi Solheim**

Etter vellukka pinsetur til Sogn i fjor, oppfordra årsmøtet i Ringen til tur i pinsa i 2008 òg. **Tone Eikås, Ragnhild Slyngstad og Per Rinde** var velvillig nemnd for planlegging av turen - til Sunnfjord denne gongen.

9. mai - fredag

Turen tok til frå Hotell Opera i ellevetida. *Hogne Tellnes*, spelemann for ringen gjennom mange år, var vår trygge sjåfør. Han ønskte dei 28 deltakarane velkomne ombord, og fortalde korleis ting i bussen fungerte, framlegg om stopp på turen o.l.



Vergudane viste seg frå si beste side på ferda vest og nord gjennom landet. Det grønkast både her og der, vårarbeidet var tydeleg i gang dei fleste stader.

Stopp for matpause på Valdresporten Kro, før Nystuen fjellstove tre/halv fire, der eit seint lunsjbord med mykje godt venta. Det var godt å strekkje beina i frisk fjell-luft. Over Filefjell var ikkje våren komen fullt så langt, men grønskimmer var det. *Eystein Grimstad*, vegingeniør og medlem i ringen, skulle ha vore med på turen, men måtte melde sjukdomsforfall. Han har gjennom mange år vore med på planlegging og gjennomføring av det nye vegsambandet aust/vest, og hadde lova fortelje om både det nye og gamle vegnettet. *Oddny Feragen* tok utfordringa og steppa inn, peika ut gamle vegfar, endringar av trasear gjennom hundreåra, til dei siste - inn og ut av fjellet i tunnellar, enno ikkje alt ferdig, men dei har etter kvart gjeve sikrere vegar og heilårssamband over fjellet.

Alv Reidar Dale fortalde om landskapet og bygdene vi køyrde gjennom. Den tronge Lærdalsdalen er noko av det frodigaste her i landet når det gjeld frukt dyrking, fruktrea stod så smått i bløming alt. Mellom dei høge fjella og godt vatna vert dette som eit drivhus å rekne. Forbi Lærdalsøyri, i tunnell til Fodnes, ferje over til Mannheller, rett inn i ny tunnell før vi for forbi vakre Kaupanger og gjennom Sogndal og Sogndalsdalen. vel ute av Frudalstunnellen, stogg på Berge for å nyte utsynet over Fjærlandsfjorden og fjella ikring.

Vi nærma oss Fjærland og Bøyabreen, ein arm av Jostedalsbreen. Tone Eikås fortalde om langturen det var å kome seg inn til breen i hennar oppvekst, på ferie i Jølster, med bil, båt og til fots, ein heil dagstur, no er det berre snarturen gjennom fjellet. Breen har minka kraftig gjennom ein del år, men var eit mektig syn likevel. Vassenden og Jølster Hotell var neste, basen for turen. Her venta oss sein middag, det smakte godt etter storparten av dagen i buss, med mange inntrykk og korte og litt mindre korte stoggar. Ein totalt skyfri himmel heile dagen.



10. mai - laurdag

Like strålende ver, og eit Jølstravatn så blankt at du ikkje kunne vita kva som var opp eller ned på fjella. Etter ein god frukost var det klart for Jølstravatnet rundt. *Agnar Hegrenes*, som er frå Ålhus, var kjentmann. Vegen vi no køyrde, var temmeleg smal, og Agnar fortalde om ei hending frå juletrafikken for nokre år sidan. Det hadde vore eit trafikkuhell på nyevegen på nordsida vatnet, trafikken måtte førast over til sørsida. Snøver og glatt, få møteplassar, trafikken fra aust og vest møttest, og det vart lange køar på bae sider. Ingen ville vike, men til slutt tok ein trafikant ansvar og fekk dirigert trafikken så det løyste seg opp.



Første stogg var Astruptunet, med omvising av *Solveig Berg Lofnes*. Det var her målaren Nikolai Astrup budde og arbeidde. Han voks opp på Ålhus på andre sida av vatnet, der faren var prest. Foreldra likte dårleg at han vart kunstnar og ikkje prest, slik eldste sonen etter tradisjonen skulle bli. Etter nokre år i Oslo, Tyskland og Paris kom han attende til Jølster, gifta seg i 1907 med ei jente frå Sunde, lenger innmed Jølstravatnet. Dei fekk kjøpt plassen, her var bratt og vanskeleg å arbeide opp. Stovehuset dei flytta inn i, står framleis. Nytt hus vart bygt, der fekk Astrup seg atelier. Ein spesiell vedomn med varmtvasstank på kjøkkenet vekte oppsikt, det var ingen i flokken som hadde sett eller høyrte om slik ein før.



Plassen arbeidde han opp etter kvart, planta frukttrær, som vart god mat for haren, mindre for sal, mykje rabarbra til vinlegging, som han forsynte omverda med. Prydplanter og blomar planta han òg. Dette arbeidet hans syner att i dag også. Han har fått gjort ein god del meir enn å måla. Kona Engel, f. Sunde, byrja og etter kvart med kunstnarleg verksemd. Ho lærte seg stofftrykk, og vov, mykje etter mønster teikna av Astrup. Då han døydde, berre 47 år gamal, var det dette ho levde av. I interiøret som står att, er der mykje av hennar arbeid, i tillegg til hans måleri og trykk m.m.

Utstillinga i galleriet i tunet er i år trykk, som Astrup òg dreiv mykje med. Her fekk vi også sjå korleis han laga trykka. Ein svært god omvisar fortalde levande om korleis han brukte naturen i ulike årstider som motiv, og bad oss på turen vidare langs vatnet leggje merke til formene i naturen, og sjå korleis han har brukt dei i motiva sine på ulike måtar.

Turen gjekk vidare til Skei og Audhild Vikens Vevstove. Her var ikkje berre mykje flott vevnad, men ei heil juleavdeling og mykje anna. og på Ålhus heldt nærbutikken "langope" for oss, slik at vi kunne få kjøpe godbitar av lokal mat: ostar, morr, spekekjøtt m.m. Denne butikken ligg vis-avis Eikaas-galleriet, som òg var ein del av rundturen.

Men Ålhus hadde meir å by på. På 1200-talet budde baron Audun Huggleiksson her. Han var den mest lovskunnige i si tid, og var kongens høgre hand, var med på å utforme det norske lovverket. Segna seier at han fekk bygd ei steinborg på Ålhus, der finst restar av denne under jorda, ho låg heilt nedmed vatnet. Audun fekk etter kvart for mykje makt, vart det meint, og han blei hengd på Nordnes i Bergen i 1302.

Turen var komen til Ålhus kyrkje, som vart bygd i 1795. Ein del av interiøret er endå mykje eldre. Det var her far til Nikolai Astrup var prest, og i prestegarden voks han opp. Omvisingane her og ved borga var det Agnar Hegrenes som tok seg av på ein framifrå måte, og vi fekk grundig innføring i historia.

I Eikaas-galleriet er utstillinga i sumar sjølvportrett av Ludvig Eikaas, i mange former. Omvisaren fekk godt fram budskapet til Eikaas, både i utstillinga og elles.



Frå Ålhus bar det tilbake til hotellet. Dei som ikkje ville ta kvild, hadde to turalternativ: omvising i Vassenden kyrkje, ny i 2001 og teikna av ein kjenning i Sogn og Fjordanelaget, arkitekt Per W. Skarstein. Andre alternativet - tur til Sunnfjord museum, med fottur langs Mostien til Huldefossen. Eg valde det siste og angra ikkje. Ein liten busstur om Eikås, der Ludvig Eikaas er oppvaksen, og så til museet som ligg ved Movatnet, eit friluftsmuseum med ei samling hus frå distriktet. Det var seint på dag, så her var ikkje ope nokon stad. Mostien tilbake til Huldefossen ved Mo jordbruksskule. Langs stien var det sett opp postar med informasjon om lokale tilhøve, natur, jordbruk, skogbruk og anna lokal historie.



Etter middagen på hotellet vart matsalen rydda til dans. Indre Sunnfjord spelemannslag stilte med 10 menn og kvinner og *Sigmund Eikås* i spissen. Litt lokalt tilsig av folk kom òg. Petter Eide kom heilt frå Sandane. Det gjorde godt med nokre friske dansetakter, det mjuka opp kroppen etter buss-sitjing og vandring i to dagar.

11. mai - søndag

Vi vakna opp til spillevatn og skodde i fjella, trugsmålet hadde vore der heile tida, men for ein vestlending var det likevel heimekjendt. Båtar som skulle frakte oss ut til Fanøy og Batalden venta oss i Florø kl. 10.00, så vi måtte starte tidleg. Regnet og skodda let vi etter oss på fastlandet. Stogg Fanøy for dei som ville til kyrkje, vi andre heldt fram til Batalden, og for nokre av oss tur til topps, 492 m over havet. Noko urete og brattlendt var det, men etter påfyll av niste og kaffi eit stykke opp i ura, nådde vi toppen. Utsikt over Øyar og skjer, himmel og hav i eitt, drivande skoddedottar inn mot fastlandet, men sola ikkje langt unna, var ei oppleving eg ikkje ville vore utan.



Vel nede att venta oss "verdens beste fiskesuppe" m/rundstykke. Etter måltidet fekk vi omvising av *Gunhild Bjelland*, som har restaurert og driv staden der ute. Kjellaren har vorte galleri, i sumar er det utstilling av eigne målarstykke med motiv arbeidsfolk i Bergen. For i tillegg til å drive staden som turistverksemd, er ho òg kunstmålar. I ei gamal rorbu har ho laga museum om lokal fiskerihistorie. Her fekk vi innsyn i at det var sjøvegen som var det viktige langs kysten i tidlegare tider.

Båtane var tinga vidare til Kinn, og vi måtte ta laust. No hadde det vorte yr og vind for baugen. Nokre var lystne på å stå ute under overfarten, og dei fekk merke sjøsprøyten. På Kinn fekk vi vising i den gamle kyrkja frå 1100-talet og fløytekonserter av *Gry Seim*. Ei imponerende stor kyrkje her ute i havgapet, med ein del av inventaret heilt frå mellomalderen. Her blir årleg det store Kinnaspelet framført rundt



jonsoktider, eit drama om innføringa av reformasjonen, i nærleiken av kyrkja, første gong i 1984. Etter mange nye inntrykk rusla vi attende til båtane òg tur tilbake til Florø. Der runda vi av kystdagen vår med lam på menyen og god stemning. og halve fylgjet enda opp med nattmat og mimring hjå Kari og Odd Støfringsdal i Jølst.

12. mai - måndag

Heimtur over Gaularfjellet. Sola hadde tatt tak att, men litt kjølegare. Alv Reidar var lokalkjend i dette området, og korta bussturen med å fortelje om lokale tilhøve, om fjordingar med initiativ - og om eigne sykkelturar i distriktet i ungdomen.



Gaularfjellet var ei ny oppleving, og eg forstår at det var aksjonar for vern av Gaularvassdraget. Stogg før Vetlefjordsvingane ned i dalen att. Blå himmel, sol, snø og grønne lier: "Fagert er landet"!

Framhald på ferda. I desse distrikta er det enno ferjer som styrer tida ein del. Over til Hella og vidare Leikanger, Hermansverk, Sogndal (olav), ei lita ventetid på Mannheller vart nytta til gruppefotografering, ferje til Fodnes, og etappen enda opp med lunsj på Villakssenteret i Lærdal. Mette i kropp og sinn tok vi fatt på siste strekk heim, med eit par korte stoggar. Takk til Per, Ragnhild og Tone som gav oss desse opplevingsrike dagane i Sunnfjord. Ventar Nordfjord neste år?